

Lesarklipp
MENINGER

Skriv Kort! Leserbrev sendes Dagningens redaksjon, Boks 952, 2601 Lillehammer, Fax: 61 25 61 29

NS-rapport og påskebodskap

Påskebodskapen er ein snart to tu-
sen år gammal «rapport» om noko
forunderleg og stort. Han fortel at
åndsmakt kan vinna over poli-
tisk/religiøs villfaring og rå makt-
misbruk. Pilatus vaska hendene
sine for å vise at han ville vera
uten skuld i det mordet som kom
til å skje; og ein vill-leidd mobb
fekk oppfylt kravet sitt om pine og
krossfesting. Vi burde ha lært
noko av påskeforteljinga.

Vi burde ha lært at tortur og be-
stialske framferd mot medmennes-
ke er uverdig. Men «befriarane»,
som den 9. april 1940 var så elsk-
verdige å koma oss til hjelp utan
at vi bad dei om det, hadde utvikla
ufatteleg råskap og tortur som
smitta over på enkelte nordmenn.
I avisene finn vi orda kritikkverdig
og uverdig om den behandlinga
ein del landssvikfangar fekk etter
krigen, og det er utarbeidd ein rap-
port om dette. Nettopp i påskeve-
ka gjer avisene dette kjent gjenn-
om store oppslag.

At det skjedde overtramp fra
norsk side, skal ikkje nektast, men
dei var reine sundagsskuletiltak
samanlikna med overgrepene frå

Gestapo og nazistisk hald. Det er
vel og bra at ungdomen av i dag
får kjennskap til alle overgrep.
Dei aller fleste vil heilt sikkert ha
så sunn dømmekraft, at dei tek rett
standpunkt når dei får dokumentert
kva for ugjerninger som skjedde
her i landet og i andre land under
krigen. Dessverre ser vi at nazis-
men lyfter på hovudet med visse
mellomrom.

I ein krig er det to partar, og da
veit vi at det er rom for djevelskap
frå både sider. Men vi skal ikkje
gløyme at det er stor skilnad på
statar/regjeringar som set tortur og
råskap i system for å nå sine mål,
og dei som ikkje gjer det. Skal ik-
kje historieskriving mellom anna
gje forklaring på samanhengar, år-
sak og verknad? Og har ikkje eitt
enkelt tema som blir lausrive frå
samanhengen, lett for å verke som
historiefalskning?

Ein får ikkje inntrykk av at rap-
porten innehold relevant bak-
grunnsstoff, og med grunnlag i
rapporten skal det bli ei bok. Det
ein kan lure på, er om boka kjem
til å innehalde ein analyse av kva
nazismen verkeleg var (er), om ra-

seteoriane og om nasjonalitetar og
menneskegrupper som ikkje fortente
(fortener) eit menneskeverdig
liv, slik at overgrep mot lands-
svikfangar kan sjåast i sin rette
samanhang.

Avisene fortel også om ein per-
son som fekk 15 års straff, men
sona berre ein tredel av tida. Det
blir ikkje gjeve forklaring på dette.
Sjølvsagt var det ille at fangar
laut grava opp att lik-utan å ha
hanskar og munnbind under arbeidet.
Men landet flaut ikkje av
mjølk og hanskar på den tida. Det
melder seg mange spørsmål: Kvar
var desse lika fyrt nedgravne?
Neppe på ein kyrkjegard, men det
var sikkert dit dei skulle. Kven var
dei, og korleis og kvifor hadde dei
mist livet? Kan nokon av dei ha
vorte pint i hel? Det er med spen-
ning ein ser fram til å få lesa boka
om landssvikfangane. Ho skal bli
informativ, er det sagt.

Det må vel tyde at ho skal setja
forholda til landssvikfangane inn i
den store historiske samanhengen,
og at ho dermed gjev svar på
spørsmåla ovanfor og på mange
fleire spørsmål. Det er dei unge

Avisa for Lillehammer og Gudbrandsdalen



som er framtida. Derfor har dei
krav på å få brei og korrekt infor-
masjon om det som har skjedd i
fortida.

Kjære avisredaksjonar: De har
vel ikkje meint å vera med på å
setja eit slag likskapsteikn mellom
påskebodskapen og rapporten om

behandlinga av landssvikfangane?
Det må vel vera berre tilfeldig at
rapporten vart omtala i avisene
nettopp i påskeveka?

Helge Hillingen

Angående Johs. Myhren

Jeg har aldri opplevd en krig. Jeg er
nemlig født i 1948. Men såpass for-
står selv jeg, at en krig er noe for-
ferdelig og bør unngås.

Med hilsen
Reidun-Tordis Letrud